



## Referat frå soknerådsmøte 22.02.2024

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 22.02.2024  
**Tid:** Kl. 18.30 - 21.00  
**Ord for dagen:** Svein Lunde

Forfall må meldast til kyrkjevevja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Lillianne Drønen Jæger møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	X leiar
Anne Marie Røed	X nestleiar
Tom Rydland	X Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem <i>meldt forfall</i>
Håkon Rydland Sæbø	Medlem <i>meldt forfall</i>
Mette Elisabeth Lambach	X medlem
Bård Inge Bø	medlem
Kari Raunholm	X medlem
Olav J. Oma	X sokneprest
Gisle Levåg	X kommunal representant
Lillianne Drønen Jæger	X 1. vara
Nils Andreas	X 2. vara (for Håkon)

Fitjar, 16.02.2024

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Harald Rydland  
kyrkjevevja

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2024/09	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2024/10	012.1	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 18.1.2024	X
2024/11		Orientering om arbeidet i soknet	X
2024/12		Plan for prosjekt på gravplassen	X
2024/13		Fullmakt til arbeidsutvalet	X
2024/14		Meldingar / open post	X
2024/15		Fitjar kyrkje si markering av kristenretten	

### **Sak 2024/09 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent.

### **Sak 2024/10 012.1 Referat frå sist møte**

#### **Vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 18.1.2024.

### **Sak 2024/11 Orientering om arbeidet i soknet**

Soknepresten og kyrkjeverja legg fram ei kort orientering om arbeidet.

Sidan sist:

Soknepresten:

Diakoninemnda har hatt frivilligfest for sine medhjelparar, besøkjarar og andre.

- Onsdag 14.02, 23 menneske samla på bedhuset, og Reidar Ådnanes var og talte om Guds 4 døtre, Sanning og miskunn, rettferd og fred. Samanheng med 1000 årsjubileet seinare i vår. Retten skulle prøvast på desse 4 verdiane for at den ikkje skulle bli urimeleg.
- Gudstenesteutvalet har hatt møte og referat derfrå blir sendt til AU.
- Prest har hatt 4 gravferder, 1 på Stord.
- Andaktar Hamnahuset FBB, er komne i gang, Håkon C. Hartvedt tar ansvar for halvdelen av desse.
- Barneungdomsarbeidet: Pedagogen er sjukemeld.

Konsekvensar: Avlyst Vidare, og konfirmantsamlingar ei veke, men elles har alt gått.

Elisabeth M. har leia baby og småbarnssong. Planlegging blir ikkje gjennomført, Skule kyrkje samarbeid.

- Sven Harald Nilsen er vikar for meg,
- 4. februar var konfirmantane til Haugesund på festival, 300 andre konfirmantar, leik, moro, gudstjeneste, song, fint opplegg i regi av saman-teamet i Bjørgvin, Tor Håvik med fleire. Flinker musikarar, god oppleving.
- Tårnagentar i helga. 15 påmelde av 30 moglege. Fekk med tre ungdomsleiarar, to av dei var og med i Haugesund, veldig bra, og så saknar me pedagogen i alt dette arbeidet.

Framover:

- Kyrkjelydsleir 15.-17. mars påmeldingsfrist 23.02, per no underkant av 50 påmelde.
- Trusopplæring i mars, konfirmantsamlingar, Baby og småbarnssong, fasteaksjon 19. mars,

- Skidag måndag 18.mars? (om pedagogen ikkje er tilbake?)
- Palmesøndag 24. mars

Kyrkjeverja:

- Utlyst sommarvikarar på kyrkjegarden
- Heimesida er oppdatert, ny kontaktinformasjon, opningstider, Harald sitt nummer er blitt hovednummeret til kontoret.  
Kalenderen på heimesida er og oppdatert
- Atle Vestbøstad har begynt ein dugnad med rekneskapen og økonomien på kyrkjekontoret.
- Brannrunde i kyrkja 21.02, gjennomført
- Spørsmål; Til heimesida, kvifor skal den vita kvar vi er?  
Tiltak:
- Vurdera bemanninga på kyrkjekontoret ved sjukmeldingar.

### **Vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2024/12 Plan for prosjekt på gravplassen**

Dei siste åra har soknerådet hatt ei faggruppe der oppgåva har vore å arbeida med saker knytt til bygningane og gravplassen som soknet har ansvar for. Gjennom arbeidet sitt har dei peika på ulike tiltak som kan ivareta kapasitet og kvalitet på tenestene som kyrkja skal yta.

Det som hastar mest å få gjennomført, er ulike prosjekt på gravplassen. Dei tiltaka som må prioriterast høgast er desse:

- ✓ Tilrettelegging for nye kistegraver
- ✓ Etablering av minnelund for urnegraver
- ✓ Etablering av gravfelt for ulike trussamfunn

Det er utarbeida ein hovudplan som omtalar dei tre prosjekta, der det vert skrive om bakgrunnen for at dei bør gjennomførast. Vidare tek planen for seg målsetjing, organisering, gjennomføring, økonomi og andre forhold som gjeld arbeidet med prosjekta.

Kyrkjeverja ynskjer no at soknerådet tek stilling til hovudplanen og gjer vedtak som sikrar at me kan starta opp arbeidet med dei ulike prosjekta.

Planen er vedlagt innkallinga til møtet. Gisle Levåg tek saka med som referatsak til formannskapet.

### **Vedtak:**

1. Soknerådet sluttar seg til det som kjem fram i hovudplanen for etablering av nye gravfelt og minnelund på Fitjar kyrkjegard
2. Styringsgruppa skal vera samansett slik det er føreslege i hovudplanen. Den får fullmakt til å arbeida vidare med dei tiltaka som er omtala i hovudplanen. Kyrkjeverja skal leia gruppa.
3. Styringsgruppa får fullmakt til å inngå avtale med ekstern rådgjevar som kan hjelpa til med prosjektering og rettleiing gjennom dei ulike fasane i prosjekta.
4. Til å dekkja kostnaden til rådgjevar og prosjektering løyver soknerådet kr. 50.000,- frå fond frå gravfestemidlar. Resten av kostnaden vert å dekkja av investeringsbudsjettet.
5. Soknerådet ber om at status og framdrift vert rapportert til rådet undervegs i arbeidet.
6. Det skal leggjast fram eiga sak for soknerådet når dei ulike tiltaka er detaljprosjekttert.

### **Sak 2024/13 Fullmakt til arbeidsutvalet**

Noverande kyrkjeverje tok til i stillinga den 1. januar 2014. Frå hausten 2019 og fram til hausten 2023

hadde han permisjon i stillinga for å ivareta vervet som ordførar i Fitjar. I samband med tilsetjinga i 2014 vart det skriva eit tilsetjingsbrev, men ikkje noko fullstendig arbeidsavtale. Det bør no komma på plass. Løna til kyrkjevevja er alt fastsett av soknerådet, men i ein arbeidsavtale er det ei rekkje andre forhold som må med. Det finst gode standardavtalar som det er råd å tilpassa til våre lokale forhold. Soknerådet sitt arbeidsutval ynskjer no å få fullmakt til å inngå arbeidsavtale med kyrkjevevja. For andre stillingar i Fitjar sokn er det kyrkjevevja som har ansvar for å inngå arbeidsavtalar.

#### **Vedtak:**

Soknerådet gjev arbeidsutvalet, fullmakt til å fatta vedtak i personalsaker, og referera dei i soknerådet seinare. AU får fullmakt til å inngå arbeidsavtale med kyrkjevevja. Faste tilsetjingar skal gjerast av soknerådet.

#### **Sak 2024/14 Meldingar / open post**

Under meldingar og open post vil det verta lagt fram munnleg informasjon om m.a. desse sakene:

- a) Anne Marie Røed fortel om deltaking på kurs for fellesrådsmedlemar, særleg viktig kap. 1 og 2 i håndboka. Off.lov, og forvaltningslova, gjeld og for oss.  
Følg opp vedtak. Ombod for medlemmene. Ansvar for strategien, kvar skal vi og korleis skal vi koma dit.  
Kontrollrollen, pass på at vi og kan gjennomføra det vi bestemmer.  
Møtekultur, ver oppteken av sak, så må ein stå ved vedtaket.
- b) Soknepresten fortel frå stiftsdagane i Bergen
- c) Kyrkjevevja orienterer om misjonsprosjektet i Mali som kyrkjelyden støttar. Kjem sak om dette i kyrkjeblad nr 1. 2024, Sigrun Vik Nilsen har kontakten med NMS. Soknerådet ser på misjonsavtalen med NMS i neste møte.
- d) Kyrkjevevja orienterer om studiestøtte til kyrkjelydspedagogen
- e) Kyrkjeblad skal bli ferdig i neste veke

#### **Vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til vitande.

#### **Sak 2024/15 Fitjar kyrkje si markering av kristenretten**

Dette året- 2024- er det tusen år sidan kristenretten vart stadfesta på Moster. Gjennom jubileumsåret er det planlagt fleire store markeringar. Det er etablert ein eigen organisasjon for planlegging og gjennomføring av jubileet. Moster 2024 har ei eiga heimeside med mykje god informasjon om den historiske hendinga og aktivitetane i jubileumsåret. Mykje god informasjon er å finna på heimsida [www.moster2024.no](http://www.moster2024.no). Hovudmarkeringa kjem til å finn stad på Moster i tida 29. mai – 2. juni. Søndag 2. juni skal det vera stor jubileumsgudsteneste i Moster Amfi. Gudstenesta skal sendast direkte på NRK TV.

Fitjarbygda har ein viktig plass i historia om kristninga av Noreg. Håkon den Gode var ein av dei tre som vert rekna som kristningskongane her i landet. Me kjenner alle til det som knyter Håkon til oss her i Fitjar.

Foreininga Håkon den Gode-Fitjar arbeider med å setja opp eit heilt nytt teaterstykke om Håkon sitt liv og virke. Dette skal skje i månadsките august/september og vil skapa mykje liv i bygda. I tillegg til dette er det planlagt Fitjarfestival helga 21. – 23. juni. Fitjar kyrkje er tett på livet i bygda og soknerådet bør bidra til at kyrkja og engasjerer seg i desse hendingane.

I tidlegare soknerådsmøte har det vore lufta ein ide om ha ha ei lokal markering av kristningsretten her på Fitjar, og at dette kan vera på same tid som gudstenesta i Moster Amfi. Då kan me truleg oppnå at mange Fitjarbuar kan ta aktivt del i feiringa. Fitjar kultur- og idrettsbygg er halde av til kyrkja denne dagen. Ei lokal markering av jubileet i kulturhuset kan bli ein stor fest som t.d. kan innehalda overføring av gudstenesta i Moster Amfi på storskjerm, grilling eller anna matserving etter gudstenesta og aktivitetar for alle generasjonane i og rundt kulturhuset.

Dersom kyrkja skal få til noko slikt, må ein hovudkomite komme i gang med planlegginga så snart som råd. Ein slik komite kan og sjå på om kyrkja bør planleggja arrangement og aktivitetar i samband med Fitjarfestivalen i juni og «Håkonarstemnet» i månadsките august/september. Det vil truleg vera

nyttig om hovudkomiteen knyter til seg arbeidsgrupper som kan hjelpe til med ulike oppgaver  
samband med førebuing og gjennomføring av arrangementa.

Ønskjeleg at Jan Overweg, Randi L. Matre blir med og tek ansvar for gudstenesta 2. juni.

**Vedtak:**

Soknerådet ynskjer at kyrkja skal engasjera seg i 1000-årsmarkeringa for kristenretten, og gjerne i samband med andre store hendingar som skjer i Fitjar gjennom året 2024. Til å arbeida vidare med dette oppnemner soknerådet ein hovudkomite for planlegging og gjennomføring. Desse vert med i komiteen:

- ✓ Harald Rydland -----
- ✓ Anne Kristin Skår -----
- ✓ Lillianne Drønen Jæger -----
- ✓ Olav J. Oma -----
- ✓ -----

Komiteen konstituerer seg sjølv.